

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
052/23	Formannskapet	PS	07.06.2023
052/23	Heradsstyret	PS	21.06.2023
032/23	Ungdomsråd	PS	05.06.2023
017/23	Eldrerådet	PS	20.06.2023
017/23	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	20.06.2023

Saksbehandlar	ArkivsakID
Henrik Carlsen	23/1430

## Bokbussen Soria Moria

### Vedlegg:

Bokbussen Soria Moria

Vedtak om avhending Soria Moria

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Osterøy kommune takkar nei til tilbodet om tilbakeføring av bokbussen Soria Moria frå Osterøy museum.

## Ungdomsråd - 032/23

### UR - behandling:

Leiar for Biblioteket la fram saka for ungdomsrådet.

### UR - vedtak:

Ungdomsrådet støtter kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak. Samrøystes vedteke.

## Formannskapet - 052/23

### FS - behandling:

#### AVRØYSTING:

Samrøystes vedteke

### FS - vedtak:

Osterøy kommune takkar nei til tilbodet om tilbakeføring av bokbussen Soria Moria frå Osterøy museum.

## **Eldrerådet - 017/23**

### **ELD - behandling:**

Henrik Carlsen, leiar Osterøy bibliotek orienterer.

Eldrerådet hadde slik merknad: Er det mogleg å sjå om bøkene som er inni bussen er i slik stand at dei kan takast vare på?

### **AVRØYSTING:**

Samrøystes vedteke

### **ELD - vedtak:**

**Osterøy kommune takkar nei til tilbodet om tilbakeføring av bokbussen Soria Moria frå Osterøy museum.**

## **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 017/23**

### **RFF - behandling:**

Henrik Carlsen, leiar Osterøy bibliotek orienterer.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne hadde slik merknad: Er det mogleg å sjå om bøkene som er inni bussen er i slik stand at dei kan takast vare på?

### **AVRØYSTING:**

Samrøystes vedteke

### **RFF - vedtak:**

**Osterøy kommune takkar nei til tilbodet om tilbakeføring av bokbussen Soria Moria frå Osterøy museum.**

### **Saksopplysningar:**

#### **Saksopplysningar:**

Osterøy museum mottok bokbussen Soria Moria som ei gåve frå Osterøy kommune i 2013, etter at den hadde gått ut av drift som bokbuss. Museet har etter ICOM (International Council of Museums) sitt museumetiske regelverk plikt til å skaffe, ta i vare og utvikla samlingar. Dette inkluderer avhending under ansvar.

Etter grundig vurdering har Osterøy museum kome fram til at bokbussen bør avhendast til tidligare eigar eller destruerast. Bussen er ikkje lenger i køyrbar stand, og det er kostnadskrevjande å få den i stand igjen. Museet vil dokumentera bokbussen grundig og formidla den kulturhistoriske verdia gjennom digitale kanalar.

Forslag om sal eller avhending for gjenbruk blei også vurdert, men funnet ikkje hensiktsmessig.

### **Bakgrunn**

Osterøy museum bad i epost av 28. april 2023 om avklaring på om Osterøy kommune ynskjer tilbakeføring av bokbussen innan sommarsesongen til museet. Museumsenteret har vurdert at bokbussen sin kulturhistoriske verdi kan takast i vare via dokumentasjon og digital formidling, og den fysiske bussen difor kan avhendast. Før museet avhendar seg med bussen, må tidligare eigar få tilbod

om tilbakeføring.

### Vurdering

Per i dag er det tre alternativ for Soria Moria:

Alternativ	Vurdering
Følgje Osterøy museum sin faglege vurdering og destruere bussen	Osterøy museum har kompetanse og system for å vurdere, ta i vare og formidle historiske gjenstandar.
Osterøy kommune tek over ansvar for bussen	Osterøy kommune har ikkje kompetanse eller system for å vurdere, ta i vare og formidle historiske gjenstandar. Det er heller ikkje økonomisk handlingsrom til å lagre og/eller sette den i stand på ein forskriftsmessig måte.
Ein tredje aktør tek over bussen	Osterøy museum har undersøkt mogelegheita, men har ikkje ført fram. Dette gjeld både museumsdrift, men òg gjenbruk til andre samanhengar.

### Folkehelse

Bokbussen kan ha verdi som identitetskapande for innbyggerane, men er per i dag ikkje presentabel for publikum.

### Miljø

For ikkje å vere ei miljøbelastning må bussen enten takast i vare eller avhendast på ein forsvarleg måte.

### Økonomi

Om bussen skal takas over av kommunen, med nytte, vil det vere kostnadar knytt til både restaurering, oppbevaring og formidling av bussen.

### Konklusjon

Osterøy kommune takkar nei til tilbodet om tilbakeføring av bokbussen Soria Moria frå Osterøy museum.